

Verksemdsplan

HORDALAND BONDELAG



2010 - 2011

Vedteken av styret i Hordaland Bondelag, 5. november 2009.

Lokallaga skal orienterast om prioriterte saker og gjennomgåande tiltak.

Næringspolitikk

Norges Bondelag sine tiltak med prioriterte gjeremål frå Hordaland Bondelag:

1 Arbeide for å redusere inntektsavstanden i kroner mellom jordbruket og andre grupper.

- *Utarbeide og leggje fram konkret framlegg til "Vestlandstillegg" i samarbeid med fylkesbondelaga i SF og MR. Hovudfokus på driftsvanskar (jfr. styreseminar okt. 09).*
- *Halde møte med samarbeidande organisasjonar framføre jordbrukstingingane.*
- *Prioritere politisk kontakt på ulikt nivå.*
- *Synleggjere utviklinga i Hordaland, med konsekvensar. Fokus på å oppretthalde matproduksjonen med tilleggsverdiar.*



Samarbeid om å fremje landbruk i vest

2. Mogelegheita i tollvernet må nyttast, innfraktsordningar må betrast og matkontrollavgiftene må reduserast.

- *Argumentasjon gjennom jordbrukstingingane og politisk kontakt.*

3. Arbeide for å auke avskrivingsraten for driftsbygningar, redusere skattlegging av inntekt som vert reinvestert i næringa og redusere formuesskatten på næringsformue.

- *Argumentasjon gjennom jordbrukstingingane og politisk kontakt.*

4. Være pådrivar i arbeidet med å utvikle ny, lønsam næringsverksemd med basis i garden sine samla ressursar.

- *Følgje opp prosjektet "Småkraft som næringsveg" (NB).*
- *Ta del i ei eventuell vidareføring av "Fra Dal til Fjell" (NB).*
- *Synleggjere og motivere gjennom medlemsinformasjon og mediekontakt, og følgje opp medlemmar innafor tilgjengelege ressursar.*
- *Trekkje vekslar på fagkompetansen og kunnskapen i NB.*
- *Utvikle kontakten med HANEN, "Fagforum Inn på Tunet m.fl.*
- *Vere open for å ta eventuelle sekretærfunksjonar.*

Småkraft



"Fra Dal til Fjell"

5. Sikre ei levedyktig beitenæring over heile landet, med minimale tap til rovvilt.

- *Fokus på forvaltinga i Region 1 i tråd med forvaltingsplanen.*
- *Halde kontakten med Rovviltneimnda, SNO og rovviltkontaktane.*
- *Samarbeide med Hordaland Sau- og Geit i aktuelle saker.*



Bruk av beiteressursen er viktig.

6. Setje fokus på klimasatsinga gjennom nye løysingar og rammevilkår for biogass- og biobrenselanlegg som gjev lønsemd for bonden.

- *Vurdere kompetansehevande tiltak og bruke fagkompetansen i Norges Bondelag.*
- *Vise til og støtte opp om Vestskog si bioenergisatsing.*
- *Peike på Kystskogmeldinga som viser potensialet for heile vestkysten av Norge.*
- *Peike på klimavenlege løysingar ovafor medlemane og bygg i regi av samvirket.*
- *Arbeide for investeringsmidlar som stimulerer nye miljøløysingar, og redusere den økonomiske risikoen hos private aktørar som satsar på innovative miljøtiltak.*

7. Etablere nytt solidaritetsprosjekt med bønder i sør.

- *Delta på Norges Bondelag sitt "nord/sør"-seminar, november -09.*
- *Delta i aktuelle arbeidsgrupper/-utval i regi av solidaritetsprosjektet.*

Kommunikasjon

Norges Bondelag sine tiltak med prioriterte gjeremål frå Hordaland Bondelag:

1. Setje fokus på landbrukets positive bidrag til storsamfunnet gjennom produksjonen av mat, landskap og andre fellesgodar, ved mellom anna å fremje "Kjærleik til norsk mat" som ein viktig del av kommunikasjonsarbeidet.

- *Delta aktivt i den generelle samfunnsdebatten, og invitere oss med i "nye" fora.*
- *Kontakt med "Sunnhordlandsrådet" om andre regionråd.*
- *Delta på "Ordførarkonferansen" (Sunnhordlandsrådet).*
- *Kontakte restaurantbransjen om bruk av logoen "Kjærleik til norsk mat".*
- *Bruke nettsida aktivt ovafor politikarar, offentleg forvaltning og presse.*
- *Bruke tilgjengeleg informasjonsmateriell aktivt.*
- *Setje fokus på verdiane og lønsemda i heile i verdikjeda, frå jord til bord.*



Sentralt omgrep!

2. Sikre at landbrukets interesser blir ivareteke i den nye regjeringsplattforma. Gjere stortingsrepresentantar frå alle parti godt kjent med Norges Bondelag sin politikk.

- *Arrangere møte med "Vestlandsbenken" på Stortinget" (samarbeid med Sogn og Fjordane B-lag).*
- *Prioritere kontakt med regjeringspartia, spesielt AP, på alle nivå.*
- *Ha generell politisk kontakt og kontakte aktuelle politikarar i konkrete saker.*
- *Følgje opp kontaktar frå "LD 2009".*
- *Finne naturlege kontaktpunkt ovafor Fylkeskommunen, administrativ og politisk.*



Kontakt med AP, men òg oposisjonen

Organisasjon

Norges Bondelag sine tiltak med prioriterte gjeremål frå Hordaland Bondelag:

1. Gjennomgåande planer og tiltak for politisk og opinionsmessig påverknad før jordbrukstingane, med tilhøyrande aksjonsberedskap.

2. Utarbeide/setje i verk opplegg for vitalisering av lokallaga.

- *Ta direktekontakt og støtte opp om aktuelle lag.*
- *Peike på moglege løysingar og tiltak ut frå lokale ønskje og behov.*
- *Kontakte lokallaga i HB med jamne mellomrom om status (styremedlemene har ansvar for sin region).*



Lokal aktivitet er viktig

3. Auke medlemstalet i Norges Bondelag til 62.500 innan

1. juni 2010, med fokus på aktive bønder og nye landbruksbaserte næringer.

- *Utarbeide fylkesvis strategi for medlemsverving som også involverer lokallaga.*

Rekruttering til landbruket

Hordaland Bondelag sine prioriterte gjeremål.

1. Initiere aktivitet og delta i arbeid for å styrkje rekruttering til landbruket.

- *Medverke til faglege og sosiale møteplassar.*
- *Samarbeide med fagskulane om deltaking på yrkes- og utdanningsmesser.*
- *Delta i plan- og strategiarbeid i regi av Fylkesmannen og Fylkeskommunen.*



God rekruttering på Voss.